

0. Politikk for rusmiddelbruk og pengespel i Førde kommune

AMU i Førde kommune vedtok den 10.6.2013 følgjande politikk for rusmiddelbruk og pengespel i Førde kommune:

« Misbruk av alkohol og andre rusmiddel fører til ein risiko for helseskader, negativt omdømme og ubehagelege opplevingar. Samtidig kan bruk av alkohol opplevast som positivt i fleire situasjonar og samankomstar.

Som arbeidsgjevar vil Førde kommune ha arbeidstakarar som:

- Er opplagte, utkvilte og ikkje påverka av alkohol eller anna rusmiddel når dei møter på arbeid.*
- Bruker arbeidstida til arbeidsrelaterte oppgåver og ikkje på noko form for pengespel.*
- Representerer Førde kommune på ein verdig måte på kurs og konferansar.*
- Tek i vare seg sjølv og sine medarbeidarar under sosiale tilstellingar, og har ein bevisst haldning til eige alkoholforbruk.*

Som arbeidsgjevar vil Førde kommune:

- Ikkje servere alkohol der born og ungdom er involvert.*
- Ha moderat servering av alkohol ved sosiale tilstellingar/arrangement og avgrense dette primært til matsservering.*
- Oppmode til alternative premiar utanom alkohol ved lotteri i einingane*

Førde kommune ser det som naturleg at ingen som representerer kommunen gir eller mottek gåver i form av alkohol.

Førde kommune vil ta i vare sine medarbeidarar som har eller er i fare for å få eit rus- og speleproblem gjennom AKAN- rutinane.»